

Fra: Kjartan Sandnes <ksand42@gmail.com>

Sendt: 16.10.2023 10:36:22

Til: Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>

Emne: Innspel til Ungdomsrådet

Til Masfjorden kommune ved Ungdomsrådet,

Eg tek kontakt som styreleiar i Solheim grendahus SA. Vi er gjort kjend med at Ungdomsrådet i kommunen er tildelt midlar som vi forstår skal gå til mobilitet/transport for ungdom. I samband med dette vil vi gjerne slå eit slag for Bygdekinoen som held framsyningar i Solheim grendahus ein gong i månaden. Dette er einaste framsyningstad på nordsida av fjorden, og vi vil oppmoda om at det vert lagt til rette for transportløysingar slik at ungdom langs nordsida av fjorden kan få koma på framsyningane.

Slike tiltak vil vera med på å oppretta ein ekstra møteplass for ungdom forutan å få tilgang til å sjå heilt oppdaterte filmar kort tid etter premiéren. Vi vonar at Ungdomsrådet tek denne oppmodinga slik at vi ser mange fleire på kino!

Med venleg helsing

Kjartan Sandnes
styreleiar Solheim grendahus